



**FYLKESMANNEN  
I ROGALAND**

Dykkar ref.:

Vår dato: 29.08.2013  
Vår ref.: 2013/8859  
Arkivnr.: 521.0

Klepp kommune  
Postboks 25  
4358 Kleppe

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

---

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: fmropost@fylkesmannen.no

---

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## **Varsel om forvaltningskontroll i Klepp kommune**

Vi viser til brev datert 23.01.2013, der Fylkesmannen kom med informasjon om statlege tilsyn med kommunane i 2013. Av brevet kjem det fram at landbruksavdelinga hos Fylkesmannen skal gjennomføre ein forvaltningskontroll av Klepp kommune i løpet av hausten 2013. Vi ynskjer med dette brevet å informere om kontrollen, samt å fastsetje dato for denne.

### **Bakgrunn for forvaltningskontrollen**

Fylkesmannen har det regionale ansvaret for at tilskot på landbruksområdet blir forvalta og kontrollert i samsvar med overordna føresetnader og etter gjeldande lovar og reglar. I dette ligg det mellom anna at Fylkesmannen skal gjennomføre risikobaserte kontrollar av kommunane innan landbruksområdet.

Då forvaltningskontrollen skal vere risikobasert, har vi i 2013 vald å rette kontrollen hovudsakleg mot kommunar som er store på jordbruk. Etter dette er Klepp trekt ut som ein av kommunane for kontroll i år.

Heimel for kontrollen er forskrift 12.12.2003 nr.1938 om reglement for økonomistyring i staten, § 15.

### **Informasjon om kontrollen**

Vi ynskjer å sjå nærare på forvaltninga av regelverket knytt til produksjons- og avløysartilskot. Av konkrete tema nemner vi saksbehandlingsrutinar av søknader, risikovurderingar ved føretakskontroll, driftsfellesskap, beitetilskot og reaksjonar ved avvik, men også andre tema kan vera aktuelle.

Vi vil i god tid før avtalt dag kome tilbake til meir detaljar rundt aktuelle tema og kva vi ynskjer at kommunen har klart i forkant av sjølve kontrollen.

Gjennomføring av kontrollen vil skje i løpet av ein dag med følgjande agenda:

09:00-09:30 Formøte, med informasjon om kontrollen, føremål, grunnlag og omfang

09:30-14:00 Intervju/gjennomgang av dokument

14:00-15:00 Sluttmøte, med oppsummering av funn frå undersøkinga

Fylkesmannen ber om at det blir lagt til rette for intervju med fagansvarleg for landbruk og sakshandsbehandlar(ar). I tillegg er det eit ynskje at rådmann/kommunalsjef har høve til å delta gjennom heile eller delar av møtet.

Frå Fylkesmannen møter landbruksdirektør Hadle Nevøy og to saksbehandlarar om produksjonstilskot.

### **Forslag til dato for kontrollen**

Vi har tre forslag til datoar for kontrollen;

- **6.november 2013**
- **7.november 2013**
- **19.november 2013**

Vi håpar at ein av desse datoane passer, og **ber om tilbakemelding på dato innan 19.september 2013.**

Ta kontakt om det er spørsmål om gjennomføring av kontrollen.

Med helsing

Hadle Nevøy  
landbruksdirektør

Birger Aasland  
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Birger Aasland  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 87  
E-post: fmrobaa@fylkesmannen.no